



Fylkesmannen i Hordaland  
Postboks 7310  
5020 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/4374 - 14/12739

Saksbehandlar:  
Siril Therese Sylta  
Siril.Sylta@lindas.kommune.no

Dato:  
23.05.2014

## Oversending av søknad til uttale - gbnr 111/4 Skårnes

Saka gjeld søknad om dispensasjon og rammeløyve for oppføring av tilbygg med samla BYA på 48,2 m2 til eksisterande fritidsbustad. Det er søkt dispensasjon frå LNF- føremålet i kommuneplanen sin arealdel, pbl § 1-8 og frå krav til storleik på tilbygg til fritidsbustader i kommuneplanen si føresegn 2.21.

Eksisterande fritidsbustad er Sefrak registrert. Søkjar har opplyst at teikningar er oversendt til Museumssenteret i Hordaland, utan at det har lukkast å få uttale frå dei på det tiltaket det er søkt om.

Det ligg ikkje føre nabomerknadar.

### Planstatus

Eigedommen ligg innanfor planområdet for kommunedelplan for Lindåsosane. Inntil denne planen vert vedteken, er det kommuneplanen for Lindås kommune i perioden 2003-2014 som er gjeldande plan for eigedommen.

I kommuneplanen ligg eigedommen i område avsett til LNF.

Tiltaket krev dispensasjon frå arealføremålet LNF i kommuneplanen, og frå pbl. § 1-8, byggeforbodet i 100 meters grensa langs sjø.

Søkjar sin dispensasjonssøknad som gjeld storleiken på tilbygg til fritidsbustad gjeld i høve til kommuneplanen 2011-2023, og denne har ikkje rettsverknad i denne saka. Denne dispensasjonen er såleis ikkje naudsynt her.



## VURDERING

Kommunen har ikkje foretatt noko førebels vurdering av dispensasjon i denne saka. Dispensasjonsvurderinga vil i stor grad avhenge av høyringsuttalane i saka.

Det vert vist til innsendte søknadar med vedlegg som følgjer som vedlegg ved denne oversendinga.

### Frist

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

Med helsing

Siril Therese Sylta  
konstituert fagleiar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### Vedlegg:

Søknad om rammeløyve for tiltak på eigedom - gbnr 111/4 Skårnes  
Opplysningar om ytre rammer og bygningsspesifikasjon  
Nabovarsling  
Situasjonsplan  
Teikningar  
Søknad om ansvarsrett  
Gjennomføringsplan  
Andre vedlegg  
Notat vedr. tomteareal  
Søknad om dispensasjon - gbnr 111/4 Skårnes  
Kommuneplankart 111.4  
Ortofoto 2009

### Kopi til:

Arkitektkontoret Børtveit & Carlsen AS	Ikenberget 12, postboks 12	5907	ALVERSUND
Gurly og John Steinar Sandal	Lyshovden 221	5148	FYLLINGSDALEN

**Mottakrar:**

Fylkesmannen i Hordaland	Postboks 7310	5020	BERGEN
Lindås kommune v/landbruk			
Hordaland fylkeskommune	Postbok 7900	5020	BERGEN